



Sunnfjord  
kommune




# Sunde barnehage

## Barnehageportrett



## Historiske barnetal frå 2008 – 2023



## Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	18	18	17
Barn over tre år	37	35	36
Godkjent leike- og opphaldsareal	394,0	394,0	394,0
Arealutnytting kvm	274,5	265,5	264
Kapasitet arealplassar	87,6	87,6	87,6
Arealplassar i bruk	61	59,6	58,7
Ledige arealplassar	26,6	28,6	28,9

## Bemanning i årsverk

Bemanning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrrar	1,0	1,0
Assisterande styrrar	0,5	0,5
Pedagogisk leiar	6,3	4,3
Barnehagelærar	0,0	1,0
Fagarbeidar	2,0	2,0
Assistent	4,2	5,4
Lærling	0,0	0,0
Snittalder		47,6

## Grunnbemanning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	5,8	5,5	5,8	5,8

## Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	16,8	10,7	13,3	11,6

## Økonomi

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	7 690 764	8 515 159	8 172 574	10 089 668
Budsjett	7 747 663	8 760 118	8 580 430	9 839 937
Kostnad per heiltidsplass	144 292	162 194	158 383	183 449

## Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Sunde skule
Tilknytning til andre tenestetilbod	Sunde barnehage og Sunde skule er dei einaste tenestene som er plassert i området.
Bustad og næring	Det er ledige tomter på Farsund. Elles skal det vere mekling på eit areal ved skulen, som vil legge til rette for mindre bustader for småbarnsforeldre. Noko næringsareal ved Dyrshaugen, og vesentleg ved Moskog.

## Bygningsmasse

Byggeår	2009
Areal	677 kvm
Godkjent leike- og opphaldsareal	394 kvm
Uteareal	3 828 kvm

## Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	6,6 km
Avstand til Nærleiken barnehage	5,5 km
Avstand til Hatlehaugen barnehage	5,8 km

## Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessantar

### Det pedagogiske tilbodet

#### Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen har god pedagogdekning
- Individuell tilrettelegging i det allmennpedagogiske tilbodet, samt systematisk arbeid med fagområda i rammeplan for barnehage
- Tidleg innsats. Tidleg dialog med foreldre og med eksterne instansar
- Tiltak for å bygge eit godt og inkluderande barnehagemiljø for alle. Dei tilsette er gode på å sjå barna sine behov, rettleie og hjelpe på ein måte som gir barna meistring og som styrker sjølvkjensla
- Planar for overgangar internt i barnehagen, og ved overgang til skule

#### Forbetringsområder

- Auka bemanning. Ressursar blir tatt vekk frå barna grunna møter, opplæringar, dokumentasjon og oppfølging av einskildbarn
- Transport for utflukter
- Betre tilgang til naturområde for dei yngste barna

## Organisasjonsmessige forhold

### Dette er vi tilfreds med

- Barnehagebygget er i god stand
- Organiseringa med 2 småbarnsavdelingar og 2 storbarnsavdelingar fungerer godt
- Barnehagebygget er på eit plan, og er lagt til rette for barn med funksjonshemming
- Stort uteareal
- Kjøkkenet er lagt til rette for at barn kan delta i matlaging

### Forbetringsområder

- Betre mogleheiter for deling i mindre grupper
- Bemanning i pedagogane si planleggingstid
- Støydeming og skiljeveggar på kjøkken/fellesareal
- Utvendig solskjerming på delar av barnehagebygget
- Solskjerming og utbetring av leikeplassen
- Grupperom, kontor og større våtgarderobe til stor avdeling

## Barnehagen i lokalsamfunnet

### Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen har ei viktig rolle i granda, og er viktig for Sunde krins grunna utbygging. Ser auke i tal søkarar til Sunde barnehage etter at skulekrinsgrensa vart endra
- Mange småbarnsfamiliar etablerer seg på Sunde, og barnehagen har venteliste til både småbarnsplassar og storbarnsplassar
- Barnehagen er møteplass og samlingspunkt for dei som bur i krinsen
- Barnehagen samarbeider med skulen om lån av gymsal, lån av klasserom for førskulebarn og lån av utstyr ved behov
- SU har samarbeidd med Sunde krins grendelag i høve midlar til uteområde

### Forbetringsområder

- Gang- og sykkelveg, eller eige transportmiddel hadde opna nye moglegheiter for samarbeid med Mo jordbruksskule, og Sunnfjord museum
- Er potensiale i å nytte Movatnet til ulike aktivitetar

## Andre innspel

- Redusere tal barnehagar i sentrumskjernen
- Ruste opp og kvalitetssikre god standard og gode arbeidstilhøve i eksisterande bygg, i staden for å bygge nytt
- Ivareta barnehagar som har god tilgang til naturområde
- Spesialpedagog i kvar barnehage for å jobbe førebyggjande (tidleg innsats)
- Samarbeid med høgskulen for rekruttering av barnehagelærarutdanning

## Prosjektgruppa si oppsummering

### No- situasjonen

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage<sup>1</sup> for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

Sunde barnehage følger både bemanningsnorma og pedagognorma. Det er noko overtalligheit i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna.

Barnehagen blei etablert i 2009 og det er ikkje gjort større oppgraderingar sidan bygget blei ført opp. Ut i frå kriteria vi har lagt til grunn manglar barnehagen nokre fasilitetar for tilsette, mellom anna optimale kontorplassar og møterom. Arealet til barna har fleire gode fasilitetar, men det manglar mellom anna grupperom og lagerplass. Barnehagen har ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar.

### Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

#### Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det igjen føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

#### Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppedeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkarar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

#### Lokalsamfunn (struktur)

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området, og søker plass i barnehagen.

---

<sup>1</sup> [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet
- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagetilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).